



Tur- og sykkelsti på tidlegare jernbaneline mellom Åmli og Treungen.

Du kan starte ved Åmli bibliotek, tidlegare Åmli stasjon.
Kart og miniguide kan du laste ned frå www.amli.kommune.no

Åmli bibliotek og Utstyrskiosk

Sommarope 24. juni til 16. august: tysdag til fredag 10.00-15.00. Hugs at du kan låne bøker i Åmli og levere på andre bibliotek, der det passar best for deg.

Sentrumsløypa

Startar ved Åmli bibliotek. Kart kan du laste ned frå www.amli.kommune.no. Løypa går bl.a til Åmli bygdetun – Grånheia, Åmli kyrkje og den gamle kyrkjegarden. Informasjonsskilt undervegs.

Trogfjellstigen med Dagsturhytta

Startar ved Elvarheim museum. Dette er ein av dei 20 toppsturane. På Timmeråsen er det gapahuk og bålpanne. Informasjonsskilt langs løypa. Vidare kjem du til Dagsturhytta med ein fantastisk utsikt.

Via Ferrata

To Via Ferrataer i Trogfjell. Krev sikkerhetsutstyr og opplæring. Sjå meir informasjon på www.amli.kommune.no Guida turar kan bestillast på www.visit-wilderness.com/no Informasjonsskilt ved startpunkt.

Elvarheim museum – turistinformasjon

Jakt- og fangstmuseum, beverutstillinga «Det vesle folket», draktutstillinga «Mangfald og mote»
Opningstider: tysdag til søndag kl 11.00 -16.00 frå 18.juni til 18. august + søndagar ut september. Bestilling av omvising for grupper utanom opningstid.
Sommarutstillinga: «Stokkebåten og varetransport i jernalderen» opnar 28.juni kl 17.00 og er vidare ope i museet sine opningstider.

Badeparken Åmli sentrum

Ligg på vestida av Nidelva. Frå Åmli sentrum kjører du over den flotte steinbrua. Her er badeplass med sandvolleyballbane, tennisbanar, vantrampoline. Sommaropen kiosk 1. juli til 1. august kl 11.30-18.30.

Topp 20 turar

Eiga brosjyre ved startpunkt. Kart kan lastas ned frå www.amli.kommune.no og www.ut.no

Kulturturar

Kulturminneløyper: Rostveitplassen, Koppsåna, Kløvfjell, Follalsfjell, Bispevegen, Aslefoss, Tyskerhytta, Sandnes og Skipsåsen. Merka løyper med informasjonsskilt og ved kulturminna. Sjå også www.amli.kommune.no

Turguide og turkart – Sykkel- og padleguide

Til sals på Turistinformasjonen på Elvarheim i annonserte opningstider.

Fiskekort

Sal av fiskekort: Elvarheim museum, Øvre Nidelva: Pan Garden. Tovdalselva: Hillestad Galleri/www.inatur.no

Telemarksvegen – eit norsk eventyr

Medlemsbedrifter langs vegen tilbyr aktiviteter, lokal mat, kunst, overnatting. www.telemarksvegen.no I Åmli finn du: Destinasjon Hillestad, Visit Wilderness, Åmli Gårdsmeieri, Pan garden, Elvarheim museum, Åmfoss kafeteria og Piano Interiør.

Vannvegen Pan Garden er ei elv i miniatyr der barn sjølv kan fløte tømmer ned elva som dei gjorde før i tida i Åmli.

<https://pangarden.no/aktiviteter/vannvegen/>